



**Notat**

Dato: 20.04.2018  
Arkivsak: 2018/10093-6  
Saksbehandlar: robstor

---

Til: Jan Nordø

Frå: Robert Stormark

---

**Kulturminnefagleg fråsegn - Opedal Ljosverk (SUS)– Søknad om løyve til Opeland Ljosverk i Ullensvang herad i Hordaland – høyring**

Fylkeskonservatorene har vurdert ovanfor nemnte saka som regional styresmakt innan kulturminnevern.

Det vart gjennomført ei kulturhistorisk synfaring den 17.04.2018 i det omsøkte arealet. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne og potensialet for funn vart vurdert å vera lågt. Vi finn det derfor ikkje naudsynt å gjera ytterlegare undersøkingar. Merk at synfaringa viste at det automatisk freda kulturminnet (skålgrøpstein med Askeladden id. 105726) ikkje var nøyaktig kartfesta. Denne er no oppdatert.

Fylkeskonservatorene har ingen vidare merknader til planen når det gjeld kulturminne, men det er viktig å påpeike at dersom tilkomstvegen skal utbetrastrast, så må ei eventuell vegutviding nær det automatisk freda kulturminnet skje på den sørlege sida av vegen. Vi vil rå sterkt ifrå ei vegutviding i arealet mellom dagens veg og kulturminnet. Fylkeskonservatorene vil og tilrå at kulturminnet blir markert med godt synlege sperrebånd som eit avbøtande tiltak i anleggsfasen.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.